



Det var lagt opp effektiv reklame for gjestene

Nederlandturen for Røysterett for alle vart ein stor suksess frå einkvar synsstad. Sjeldan eller aldri har koret med base i Uskedalen fått så mykje ros for songen sin og sjelden eller aldri har det opplevd eit så heilstøpt arrangement. Men det var krevjande å ikkje tulla seg bort mellom alle kanalane!

To lange konsertar, i den engelske kyrkja og den norske sjømannskyrkja, var dei store høgdepunkta. Rosen som dei fekk frå kompetente personar handla ikkje minst om den glød og det engasjement songarane la for dagen.

Også guidinga var eit topp-punkt - Jeanett Appelo var ikkje mindre enn fantastisk!

Eit vellukka spontant høgdepunkt var då koret song bruremarsj for eit brudepar som kom forbi!

Meir stoff om turen kjem seinare.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen